Førsteblad

NORSK ETNOLOGISK GRANSKING

Emnenr. 6

Tilleggsspørsmålnr.

Emne: Musikkinstrument

Oppskr. av: Jon Skogstad

(adresse): Heimdal

Fylke: Sør-Trøndelag

Herad: Leinstrand

Bygdelag:

Gard:

G.nr. Br.nr.

A. Merk av om oppskrifta er etter eiga røynsle.

B. Eller om den er etter andre heimelsmenn: (ta også med alder, heimstad, yrke):

SVAR

Bolk A I a) Ja. b) Salmodikon, fele, klarinett, horn, orgel, piano, gitar, zitter. I gamle dagar – medan det var seterbruk – også lur, neverlur og trelur.

c) På salmodikon: Skrue, streng, spelhest, talbrekkje og ein knapp til å feste strengen i på andre enden.

Klarinett: Munnstykke med tunge, klaffar, kåpa.

Horn: Munnstykke, ventilar, bøylar og kåpe.

Orgel og piano som vanleg.

Gitar og zitter: Strenger og skruar som vanleg.

Mandolin har også vore i bruk i seinare tid.

Fele: Knapp til å halde strengholten, spelhest, strenger, gripbrettet, fire skruvar, botnfjøl, påfjøl, ein pinne inni fela så omlag under eller i nærleiken av spelhesten.

Til salmodikon og fele høyrde sjølsagt "bogå" som vanleg med skruving for å stramme elle slakke.

Til salmodikon høyrde og lause tabellar for dei ymse skalaer og toneartar.

II Salmodikon, fele og klarinett har vore i bruk frå gammal tid. Dei andre i sidste halvhundraåret eller noko lengere.

Salmodikon er gått av bruk. Fele og orgel istaden. 3356

III Som regel innkjöpt, men det skal finnast felor som er heimelaga. Eg veit om ei fele som skal vera laga av ein mann på Skogstad, Byneset, men er död for to-tre mannsaldrar sia.
Eg har også set ei fele med innlagt elfenbein på gripbrett og strenghaldar. Men kor den finst no, veit eg ikkje, dersom ho ikkje er på Skogstad.
Ingen serleg felemakarar heromkring som var noko utspörd.

IIII Salmodikon: 80-100 cm lang, 12-14 cm breid og 4-6 cm hög. Nokre av desse var noko större og vart bruka for å spela understemmer på. Dei hadde musikklag med 4-6 lagslemer og laga eit slag orkester på denne måten. Salmodikon hadde alltid berre ein streng.
Fela: Lengda på desse gjinsa og noko frå vanleg lengd til mindre for bruk av mindreårige. Den hadde alltid 4 strenger og var ellest utstyrt som ovanfor nemnd
Klarinett var anten b- eller ess og hadde gjinse antal hol og klaffer.

V Fele og salmodikon helst av vanleg furu eller graufjöler av heimleg gjerke.

VI Då det ikkje har vore nokon serleg instrumentmakar her i bygda, kan eg ikkje gjera nærmare greie for dette

VII a) På salmodikon og fele helst tarmstrenger, men kvinten på fela ~~vart~~ var også ein stålkvint, serleg seinare når strengene vart kjöpt.
b) I gamle dagar laga dei nok strengene sjölve, men etter dit eg kan minnast, vart dei alltid kjöpt.
c) Kan eg ikkje svara på.

3356

VIIII Nei, ikkje det eg veit.
IX Salmodikon må stå på eit bord, ein pult eller liknande, drog så bogen med högre handa (Ein måtte óra i höveleg avstand frå spelkveikn og var holet i påfjöla.), fingra med vinstre handa. Det kunde og vera eit stativ til å setja sifferboka på - ein brukte aldri notar den gongen.
Fela la dei under haka (somme bruka dei og hakebrett) straok med högre handa og fingra med vinstre. Sume gonger studde dei fele berre til bröstet. Den vart serleg bruka til fest til dans i brudlaup og dansarlag m.v.
Salmodikon berre til song. ~~og~~
Klarinetten vart bruka til dans likeeins som fela. I brudlaup og sume tider ellest og var det både fele og klarinett saman.
X Nei, dette er ukjend for meg.
XI Som fyrr nemnd kunde gripbrett og strengholdt på fela vera innlagt med elfenbein eller anna.
XII Nei, dette er også ukjend.
XIII Andreas Eggan på fele. Er död for 30-40 år sea. I 1896 var eg saman med han i brudlaup, og det var det 443de brudlaupet han spela i.
Johan Ringvål-Brå-Spelmannsjohan var fluk til å spela klarinett. Desse to var ofte saman i brudlaup og festar. Dei var også på Rörasmarknaden og spela, leigde ein dansarsal og tok inngangspengar av publikum.
Eingong Spelmannsjohan skulde på rörosferd, vart han skremd av „nåljos" St Elms eld, på to staurar. Då snudde han og gjekk heim.
Andre spelemenner som lever no: Arnulv Hegstad, brödrene Nyjsan, Arent Hegvold, Olav Lundemo m. fl. 3356

 

Instrument: I Vanleg fele, også kalla flatfele eller tyskfele
II Hardingfele ikkje i bruk på desse kantar.
III Ukjend.
IV Ukjend.
V Ukjend.
VI Ukjend
VII Sjå kva fyrr er sagt om salmodikon.
VIII Ukjend
IX Gjetarlur var av og til bruka den tid her var seterbruk. Dette er no heilt gått av bruk. Dei siste setrer fanst kanskje for 60-70-80 år sidan.
a) Så vidt eg har høyrd, fanst det slike, utan at eg kan gjeva nærare greie for det.
b) Truleg nok og då festa med lim.
c) Nei.
d) Nei.
e) Nei

X a) Bukkehorn har vore kjend. Laga av eit noko krokutt var- eller bukkehorn. Blåseopninga var dekt med ei tunn treflis, kanskje helst av eine, og surra fast med tråd eller med tynn hysing. Det galdt om å få høveleg opning for at lyden skulde verta klår og rein.
b) Fingerhola var oftast 4 i talet, men kunde og vera 3 eller 5. Ved ymse fingersetting kunde ein variere tonen (tonarne)

XI Ingen.
XII Seljefløyte laga og lagar ungarne om våren, når selja løyp (d.e. slepper borken) Ein lagar også av rogn, older o.fl. tresortar. Skjerer til munnstykke, og hakk oppå. Bløyter staven, skjer over på stykket så lang innpå ein vil ha pipa lang eller stutt, bankar så

3356

# V

på borken til den lausnar, trekker den av og skjærer munnstykket av eller å ha laga ein opning på oversida, smetter munnstykket og kjeppen inni borken. Ein kan variere lyden ved å trekke kjeppen ut eller skyva han inn.

XIII Ukjend.

XIV Munnspel har ungarne sume tider og spelar ymse songar og slåttar. Ein kan sterke eller veike lyden med å leggja handa attmed.

XV Ukjend.

XVI Noko kjend, men mindre bruka anna enn i musikk-korps.

XVII Nei. Ein kunde ta eit grasstrå, noko breidt strekkja det millom båe tommelfingrane og blåse. Det var nærmast ein skremelyd, og ein måtte ikkje opp til „styggvêr".
Gutungarne bles i neven, og dei som var sers flinke, kunde få til einfelde tonar.

Byinstrument 1) I 1880-90 åra vart det nokså vanleg å skipa hornmusikklag i bygdene. Det var i førstninga ein sekstett eller oktett med berre messinginstrument. Seinare når korpset vart utvida etter meir bymessige forhold, kom klarinett, fløyte og tromme, stortromme og littromme.
I strykeorkester kom både bratsch, cello og kontrabass med. Citer, guitar, lut og mandolin kom også ibruk til bruk ved song. Trekkspel brukar dei no for det meste til dans. Positiv var det omreisande vandringsmenn som bruka. Dei hadde stundom ei apekatt med til gjera kunster og tigge pengar.

3356

VI

2) Spinett, klaver, orgel og piano fanst helst hos dei „kondisjonerte".

3) Delvis ja, men dei gamle slåttane heldt seg jamsides.

Bolk C. Sjå under pkt. XVIII. Elles er det andre ukjend.

Bolk D. Ukjend her og for meg.

3356

nr 3356.

Sör-Tr.lag
Leinstrand

NORSK ETNOLOGISK GRANSKING

Jon Skogstad
Heimdal.

For betre å klårleggja mange av spørsmåla, har Norsk Folkemuseum i emning ei utstelling av folkelege musikkinstrument sumaren 1948. For å få utstellinga så komplett som råd er, vil N.F. gjerne få låna inn sovorne instrument. Vi torer difor spørja Dykk om De har kjennskap til slike instrument eller deler av instrumenta i Dykkar bygd, og om De vil gjera så vel og senda oss ei liste med namn og adresse på folk som har slike, og skriva opp kva slag instrument dei har.
Vi vil så skriva direkte til eigarane og be om å få låna instrumenta. Dei vert haldne assurert og oppbevart i eldsikre hus. Kostnader ved frakt vert godtgjort av Norsk Folkemuseum.
Instrumenta vert sendt attende til eigarane snarast mogeleg etter at utstellinga er ferdig.

| Namn | Adresse | Kva slag instrument | Kven som har gjort det og når (dersom dette er kjent) ? |
|---|---|---|---|
| Arnulv Hegstad | Heimdal | Felar | Innkjöpt |
| Olav Lundemo | Heimdal | Klarinettar | Innkjöpt |
| Anne Tissum | Heimdal | Gitar | Innkjöpt |
| Anna Bredvold | Heimdal | Gitar | Innkjöpt |
| Nordenfj. skulemuseum | Trondheim | Salmodikon<br>Komen frå Leinstrand | Innkjöpt til skulebruk |
| | | | |
| | | | |
| | | | |
| | | | |
| | | | |
| | | | |
| | | | |
| | | | |